

Må leggja att veg

LÆRDAL: To hytteeigarar i Breistølen hyttefelt fekk i 2007 løyve til å byggja ein mellombels veg fram til hyttetomtene sine. Vegen skulle nyttast til transport av materiell og liknande i samband med hyttebygginga. Plan- og byggjesaksavdelinga i Lærdal kommune reknar no med at byggjearbeidet er ferdig, og ber difor hytteeigarane om å leggja att vegen. Slik det var føresette då løyvet til vegbygging vart gjeve. Arbeidet må utførast i haust, før vinteren set inn.

Tiltalt for barneporno

SUNNFJORD: Ein mann frå Sunnfjord må i slutten av september møta i Fjordane tingrett, tiltalt for å lasta ned og distribuerte store mengder grov barneporno. Saka starta med avsløringar i Tyskland som Kripos spora vidare til forgreiningar i Sogn og Fjordane. Vintere 2009 slo politiet til både på heimeadressa og arbeidsplassen til sunnfjordingen. Begge stader vart det beslaglagt datautstyr som innehald store mengder grov barnepornografi, skriv Firdaposten.

Saukadaver i løypa

LEIKANGER: Turgåarar i Leikanger er oppgitte over at ikkje eigaren av ein daud sau tek seg bryet med å fjerna sauekadavert som ligg mellom Leite og Dalene på Leikanger. Sauen ligg bokstaveleg tala midt i løypa like framfor grinda. Der har han lege i over ei veke og var ikkje flytta måndag kveld. Dei som ferdast der må stiga over sauen for å koma forbi.

Måler farten på breen

■■ Ungdommar skal samla data ■■ Eiga nettside

Fakta:

Prosjekt Tunsbergdalsbreen

- Eit internasjonalt prosjekt som vil gjera ungdommar kjende med temaet brear og klimaendringar, og samstundes gje dei høve til spennande opplevingar i eit storslått brelandskap.
- Prosjektet starta det førebauende arbeidet på breen i 2008.
- Norsk Bremuseum i Fjærland og dei to britiske velferdsorganisasjonane Field Studies Council og Brathay Exploration Group står bak prosjektet.

LUSTER: Prosjekt Tunsbergdalsbreen er i gang med å samla inn data om rørslene til breen. Neste år skal det vera klart for første ungdomsekspedisjon.

Prosjektet skal overvaka den store Tunsbergdalsbreen, og gjennom det skal prosjektet gje ungdommar innsikt og bevisstheit om klimaendringar. Kvart år skal ein ekspedisjon med ungdommar fram til breen og gjennomføra målingar. Tanken er å overvaka breen i heile 50 år.

– Viss breen aukar farten, så kan det tyda på klimaendringar, seier prosjektleiari Karén Weichert.

Brureparasjon

Nytt i år er at prosjektet har fått si eiga nettside: www.tunsbergdalsbreen.no.

Årets ekspedisjon var den siste av dei førebauende ekspedisjonane før ungdomsekspedisjonane startar neste år. Målet var rekruttering av



BREPROSJEKT: Neste år er det klart for dei første ungdomsekspedisjonane i breprosjektet. I år er førebauende turar unnagjort, her frå ein tredagars ekspedisjon i juli, på øvre delen av breen. F.v. Kjersti Moe, Torunn Bøe og Trygve Snøtun. (Foto: Kjersti Moe)

leiarar, utprøving, å registrera måledata og reparera ei bru over breelva.

Gruppen bestod av ti personar, åtte frå Storbritannia, ein frå Noreg og ein frå Nederland. Reparasjon av brua vart vanskelegare enn dei hadde trudd.

– Me håpar me kan gå til-

bake og gjennomføra arbeidet i haust, slik at me har tilgang til andre sida av breelva neste år, seier Weichert.

På sponsorjakt

Brua skal i si tid ha blitt sett opp av bønder i Leirdalen for å få tilgang til beite.

Prosjektet plasserte dei

første markørane i 2008. Fartsprofilar er lagde opp på breen. Det er steinar markert med farge i ein spesiell kode. Av desse blir det teke posisjonsdata med GPS. Rørsla i breen varierer med kva del av breen det er snakk om. Ved den nedre profilen hadde dei raske steinane bevega seg 48 meter sidan i fjor. Ved den øvre profilen hadde steinane

flytta seg 84 meter. Prosjektet har tidlegare fått stønad frå Statkraft og forsøker no å skaffa fleira sponsorar.

– Planen med prosjektet er at det skal bli sjølvfinansierande gjennom at deltakarane betalar avgift. Men me treng ekstra midlar til å få prosjektet i gang, seier Weichert.

Keth Øren
keth.oren@sognavis.no



REPARASJON: Prosjektdeltakarane vil reparera denne brua for å få tilgang til området på andre sida av breelva. (Foto: Morgan Gibson)



FARTSPROFIL: Fartsprofilar er lagde på breen og på desse blir det teke posisjonsdata med GPS. Her er ein stein frå 2009 funne. (Foto: Gillian Campbell).

LYST TIL Å SLUTTE?

Ta kontakt for informasjon om røykjesluttkurs.

SOGNDAL
Kursleiar Sogn BHT: 57 67 90 60

ÅRDAL
Kursleiar Sogn BHT: 57 64 92 28

Røykjetelefonen 800 400 85 www.slutta.no